



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjell Hegna, 5557 2321
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
06.05.2013
Dykkar dato
01.02.2013

Vår referanse
2013/1861 561
Dykkar referanse
10/4925

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til søknad om løyve til bygging av Fjellstølen kraftverk i Modalen kommune

Fylkesmannen rår frå at NVE gir løyve til bygging og drift av Fjellstølen kraftverk fordi utbygginga vil bidra til å øydeleggje fjordlandskap av stor verdi. Dersom kraftverket likevel får konsesjon, må NVE sette vilkår så krava i naturmangfaldlova blir oppfylt.

Vi viser til brev av 1. februar 2013 der NVE ber Fylkesmannen om å vurdere søknaden om konsesjon frå Blåfall AS. Etter avtale med NVE er svarfristen vår utsett.

Fjellstølen kraftverk er planlagt bygd i Stølselvi/ Langedalselvi ved Mofjorden i Modalen kommune i Hordaland. Prosjektdata for utbygging og drift er vist i tabellen under.

Prosjektdata *	
Installert effekt (MW)	2,57
Produksjon (GWh/år)	7,0
Bruktid (timer)	2720
Utbyggingskostnad (mill. NOK)	29,6
Utbyggingspris (NOK/kWh)	4,24
Alminnelig lågvassføring (l/s)	19
Q ₉₅ sommar (l/s)	28
Q ₉₅ vinter (l/s)	16
Planlagt minstevassføring sommar	0
Planlagt minstevassføring vinter	0
Slukeemne maks./min. (l/s)	750/40
Inntak (moh)	425
Avløp (moh)	25
Høgde/ bredde på inntaksdam (m)	3/20
Vassveg i nedgrave røyr/ tunnel (m)**	250+280/500
Regulering (HRV/LRV) (moh)	425/420
Overskotsmasse (m ³)	0
Vegbygging til inntak etc.	Oppgradering + 100 m ny + midlertidig anleggsvei
Vegbygging til kraftstasjon (kote 25) (m)	30
Nettilknytning, luftlinje(m)	Oppgradering av eksisterande linje
INON –reduksjon (sone 2) (km ²)	7,1

*I tillegg vil vatn verte overført til nedslagsfeltet til Stølsvatnet frå nabovassdrag gjennom 150 m open kanal.

**Røyrgate vil krysse Langedalselvi i dagen ved ca kote 50 moh

Fylkesmannen vil i fråsegna si legge vekt på naturmiljø og vurderingar etter §§ 8 til12 i naturmangfaldlova.

Vurdering av kunnskapsgrunnlaget

Etter § 8 skal offentlege vedtak som berører naturmangfaldet bygge på vitenskapleg kunnskap om tilstand og effekt av påverknadane ved inngrep. Konesjonssøknaden med tilhøyrande rapport om biologisk mangfald er grundig på dette temaet. Tilhøva til lokal opplevingsverdi og landskap er likevel etter vår meining ikkje godt nok synleggjort i søknaden. Fylkesmannen vurderer difor § 8 i naturmangfaldlova som berre delvis oppfylt.

Vurderinga av samla belastning er også mangelfull, sjå under. Etter § 10 skal ei slik vurdering ligge føre før det blir gjort vedtak om konsesjon.

Fylkesmannens vurdering av prosjektet

Fylkesmannen er samd i dei fleste av vurderingane i konsesjonssøknaden om korleis bygginga og drifta av kraftverket vil påverke biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Fylkesmannen meiner likevel at dei negative konsekvensane av arealinngrepa på landskapet er undervurdert i søknaden. Planområdet ligg i ein veglaus sidedal til Mofjorden. Langedalen er ein smal grøn dal omkransa av bratte fjell, og naturlandskapet er dominerande. Elva renn gjennom dalen og ut i fjorden der det ligg ei naturleg strand. Dalen er og prega av gards- og stølsdrift frå tidlegare tider, med kulturmark, hus og spredte hytter, og med ei lita kai der elva når sjøen.

Mofjorden har stor regional verdi for reiseliv og friluftsliv. I den nasjonale kartlegginga av viktige landskap er Indre Mofjorden klassifisert som A-område på line med våre viktigaste fjordlandskap i Hardanger. I fylkesdelplan for små vasskraftverk er det området som vert påverka av utbygginga vurdert som fjordlandskap av stor verdi. Dei fylkespolitiske retningslinene seier her at ein skal vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, røyrgrater med meir ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.

Planområdet er i fylkesdelplanen skildra som fjordlandskap med urørt preg som er eineståande i Hordaland, og eventuell utbygging her vil påverke regionale verdier. Utbygginga vil føre til ein reduksjon av INON (1-3 km) på 7 km².

Samla belastning

Fylkesdelplanen peikar også på at mykje av vassdragsnaturen i området allereie er regulert i samband med kraftutbygging, og at det er viktig å ta med i vurderinga av sumverknad for området ved nye prosjekt. Fylkesmannen meiner at ein må forvalte attverande vassdragsnatur i eit langsiktig perspektiv, der samla belastning på landskap og opplevingsverdier vert lagt vekt på.

Det er viktig å ta vare på naturkvalitetane knytt til Mofjorden, der sidedalar og vassdrag må vurderast i samanheng med fjorden. NVE må ha ein oppfatning av grensa for samla belastning ved utbygging i dette spesielle fjordsystemet. Søknadene om bygging av Langedalen og Fjellstølen kraftverk må vurderast saman. Samla belastning og vurdering av utbyggingane i høve til verdiane i Mofjorden er ikkje vurdert eller problematisert i konsesjonssøknadene.

Fylkesmannen legg avgjerande vekt på at den storslåtte og særprega karakteren til landskapet i Indre Mofjorden også i framtida skal framstå mest mogleg urørt av store naturinngrep. Fjellsidene, vegetasjonen, sidedalar og vassdrag høyrer saman i ein heilskap med fjorden. Eigenverdien av relativt urørte økosystem må verdsettast saman med landskapet og anna naturmangfald. Fylkesmannen meiner at omsøkte utbyggingar vil føre til drastiske endringar

av opplevingskvalitetar i eit område av spesiell verdi i regional samanheng. Etter vår meining bør ein difor ikkje gi løyve til bygging av det omsøkte Fjellstølen kraftverk.

Utbyggar må nytte dei beste tekniske løysingane

Dersom NVE likevel gir konsesjon til bygging av kraftverket, meiner Fylkesmannen at ein må sette som vilkår at utbyggar skal velje tekniske løysingar som gir minst mogleg negative miljøverknader. Etter § 11 skal tiltakshavar i rimelig grad dekke kostnadene for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet. Det skal nyttast teknikk ved inngrepet som samla gir det beste resultatet for samfunnet, jf. § 12. Vi har nedanfor lista opp kva vi meiner dette må leie til for utbyggingsprosjektet:

- Det er anadrom fisk nedst i Langedalselvi. Kraftstasjonen vil sleppe ut vatn øvst på den anadrome strekninga. Bestandane av anadrom fisk i Hordaland er under sterkt press grunna ulike påverknader. Det er difor viktig at kraftverket vert bygd slik at det ikkje påverkar negativt gyte- og oppvekstområda for anadrom fisk. Kraftverket må difor byggast slik at vatnet ut av kraftverket ikkje vert overmetta på gass. For å hindre tørrelgging ved brå stopp i kraftverket, er det også naudsynt med omlaupsventil.
- Fjellstølen kraftverk må byggast med minst mogleg nye permanente vegar.
- Det må lagast ei visualisering av korleis ulike vassføringar i Stølselvi påverkar karakteren til landskapet, m.a. korleis fossen i Støleelvi endrar karakter sett frå fjorden. Med utgangspunkt i dette må ein vurdere å sette krav til minstevassføring ut av Stølsvatnet.

Om kraftstasjonen vil bli bygd i nærleiken av våningshus, må NVE sette krav til utbyggar som skissert i T-1442 (Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging). Slike krav må gjelde både anleggsfasen og driftsfasen.

Konklusjon

Fylkesmannen rår frå at NVE gir løyve til bygging og drift av Fjellstølen kraftverk fordi utbygginga vil bidra til å øydeleggje fjordlandskap av stor verdi. Dersom kraftverket likevel får konsesjon, må NVE sette vilkår så krava i naturmangfaldlova blir oppfylt.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
miljøvern sjef

Kjell Hegna
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Blåfall AS	Postboks 61	1324	Lysaker
Modalen kommune	Postboks 44	5729	Modalen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim